



Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Saksnr
2015/75

Løpenr.
416/2015

Klassering

Avd / sakshandsamar
SOPP/ MAB

Dato
19.01.2015

HØYRINGSUTTALE FRÅ STYRARANE VED DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I HAREID

- **2. Statlig tilsyn med barnehagane**
Fylkesmannen vert gitt høve til tilsyn
Styrrarane sert positivt på at Fylkesmannen kan i særskilde tilfelle føre uavhengig tilsyn med einskilde barnehagar. Kommunen har både ansvar for samarbeide/kvalitetssikring av barnehagane og tilsyns-ansvar. Dette fører til ei dobbeltrolle for kommunen og kan hindre eit objektivt tilsyn.
Fylkesmannen har høgare juridisk kompetanse enn det ein har rundt i kommunane.

- **6. Forslag om presisering av lovhjemmel for barnehagens arbeid med dokumentasjon og vurdering.**
«Barnehageeier har det overordnede juridiske ansvaret, og dermed rett til å velge hvilke system, verktøy og observasjonsmetoder barnehagen skal benytte m.m.»
 - Tar frå barnehagen og barnehagelæraren ansvaret og fri-
domen til å nytte dei arbeidsformene som dei vurderer som dei beste.
 - Foreldre misser retten til å bestemme om borna deira skal kartleggast.
 - Byråkratisering – kartlegging stel tid frå samveret med borna. Korleis skal ein dokumentere trivsel?
 - Pedagogane har alt i dag for lite tid til for og etterarbeid i barnehagen.
 - Pedagogmangel no og i framtida. Skal dei pedagogane som er i barnehagen nytte tida til kartlegging i staden for samvere med barna?
 - Noko av det lærarane kjemper mot i skulen; dei vil ha meir tid saman med elevane, skal no bli innført i barnehagen!?



- Forskingsbasert kunnskap viser at det dei små barna treng, er meir tid saman med trygge vaksne som har kunnskap om korleis gi barna «Den god barndom».
- Barndomen sin eigenverdi
- Det pedagogiske ansvaret i barnehagen skal det vere styrar som har, ikkje den einskilde eigar. Metodefridom.
- Nei til stigmatisering av barn i barnehagealder.

Med helsing

Styrarane ved dei kommunale barnehagane i Hareid kommune
v/Mariann Båtnes
Rådgevar

